

DIAKONIENS DAG, 21. APRIL 2021

Sårbarhet i og etter koronaens tid

Når en pandemi utfordrer kirkens arbeid for rettferdighet

Olav Fykse Tveit, preses i Bispemøtet i Den norske kirke og biskop i Nidaros domprosti

Kjære medarbeidarar i kyrkjias store oppdrag med å tene menneske der dei er, slik dei er, med dei behov og dei rettar dei har.

Koronaens tid er ikkje forbi. Vi er midt i den framleis, og vi må finne våre vegar ut av den gjennom restriksjonar, forsakingar og vaksiner. Vi må også finne vegar vidare, der mykje må gjerast for å bøte på ein del av skadeverknadane. For dei er alt no mange, og til dels dramatiske for nokon.

Kva rom er det for diakoni i desse tider, der ein skal halde avstand, og mange av dei planar ein kan ha for å utvikle relasjonar og fellesskap er sett på vent?

Pandemien har nok gjort det endå tydelegare at diakoni på mange vis må vere kyrkjias kroppsspråk. Diakonien må vere eit uttrykk for kven vi trur på vi trur og at vi trur på Livets Gud som elsker sine skapningar, og som vil både lækjedom og rettferd for oss alle. Slik sett er pandemien ei utfordring til kyrkjene både når det gjeld vår praktiske innsats og kva for tru som eventuelt driv oss fram i våre handlingar.

Det er tid for solidaritet. Viruset gjer ikkje skilnad på folk, det kan ramme kven som helst. Det er for så vidt riktig. USAs president vart smitta sjølv om han ikkje trudde det var viktig med alt dette smittevernet, eller nettopp difor. Men faktum er at pandemien skaper endå større skilnader og viser brutalt den urettferd som alt finst i verda.

Vi ser det her til lands. Det er fare for forsterking av klasseskiljer, til dels langs geografiske linjer, til dels langs etniske linjer, til dels ut frå kva slags arbeid og utdanning ein har, til dels mellom generasjonar. Ungdom er mykje meir sårbare enn oss i min generasjon for dei restriksjonane som er lagt på kva ein kan gjere, og kva sosialt liv ein kan ha. I mange andre land er desse skiljene eksponert mykje meir.

Som FNs generalsekretær sa det alt i fjor at pandemien avslører

"the myth that we are all in the same boat.

Because while we are all floating on the same sea, it's clear that some are in superyachts while others are clinging to drifting debris.

We face the deepest global recession since World War II, and the broadest collapse in incomes since 1870.

COVID-19 has been likened to an x-ray, revealing fractures in the fragile skeleton of the societies we have built.

It is exposing fallacies and falsehoods everywhere."

Då verdas helseorganisasjon WHO i mars i fjor erklærte at dette er ein pandemi, og ikkje berre ei nasjonal eller regional krise i Asia, var eg framleis generalsekretær for Kirkenes Verdensråd, eit fellesskap av 350 medlemskyrkjer over heile verda.

Vi fekk informasjon frå våre kyrkjer i Asia om kva som var i ferd med å skje, og vi hadde jamlege møter med WHO, vår nabo i Genève, om kva vi kunne gjere som eit fellesskap av kyrkjar. Utfor-

dringane som sto fram på mange plan. Slik kyrkjene framstilte det, fekk meg til å innsjå at kyrkjene meir enn før i møte med ulike kriser, måtte vise at nettopp diakoni som eit felles uttrykk for omsorg for heile menneske og det samfunnet ein må leve saman i, var kyrkjas kroppsspråk. Det er noko alle kan forstå. Det er noko som er verdibasert og uttrykk for kva vi står for, kva vi trur og håpar. At tru måtte gi seg uttrykk i håp, ikkje i fatalisme, konspirasjonar og sekterisme, isolasjon eller apati vart ganske viktig å få fram. Trua på Gud som skaper, frelsar og livgjevar set standardar som utfordrar oss alle. Ikkje minst vart det tydelegare at det må fram for å møte dei mange frakturar som mange lever med, som fruktene av kolonialisering, rasisme, ulike former for segresjon, og nasjonalisme som vernar dei sterke mot dei marginaliserte og mest utsette.

Det vart på mange måtar endå viktigare å vere kyrkje, og endå viktigare å vere ei tenande kyrke, som kan bidra til det heile det menneskelege fellesskapet må gjere for å finne løysingar på noko vi ikkje hadde opplevd før, som ei global krise på denne måten, med slike ringvirkningar på helse, økonomi og samfunnsstrukturar som denne pandemien gjer det.

Både innspel frå kyrkjene og utfordringane frå WHO gjorde det nødvendig å sette fokus på tre dimensjonar ved kyrkjas arbeid, som alle har mykje med kva diakoni er:

For det første vart det viktig å vise at kyrkja ikkje berre driv med diakoni i tillegg til mykje anna, men at kyrkja må vere diakonal, og må prøve å skape rettferd og lækjedom gjennom alt det ein seier og gjer i ein slik situasjon som den vi no sto overfor.

18. mars i fjor sendte eg eit brev til alle medlemskyrkjene saman med Dr Agnes Aboum, som er moderator i KV, der vi skreiv mellom anna:

“Faith communities can in times like these do a lot to promote solidarity and accountability, wisdom and care. We as churches can and should raise the voice of the communities who are made vulnerable by their marginalization, who do not have sufficient water to drink let alone for washing their hands. We have to consider the displaced communities due to war, famines, economic and ecological collapse, living in precarious conditions, many of them not even recognized by the authorities of the countries in which they find themselves. They cannot be left completely defenseless against the pandemic. We have to be in solidarity with those for whom selfisolating means a loss of livelihood and even the risk of starvation.”

Kyrkjene kan gjennom sin praksis, diapraksis, fokusere på dei som treng at det er nokon som talar deira sak og set fokus på deira situasjon. Dette har vore eit kjennemerke på det KV har arbeidd med og tematisert i tida som har gått sidan (og etter at eg overlet roret til andre).

For det andre måtte våre mest kjente og innarbeidde uttrykk for tru på Gud, sjølv gudstenestelivet, tilpassast den nye situasjonen. Vi kunne ikkje seie at vi trur på og tener Livets Gud og bidra til at nettopp vårt gudstenesteliv skulle bli ein risiko for smittespreiing, ja, ein livsfare for menneske. Men det var også viktig å seie at dette var noko som handla om det heilt basale og heilt praktiske i trua på kjærleikens Gud:

“This is a time to touch each other’s hearts, by what we say, what we share, what we do – and what we do not do – to protect the life God loves so much. In that love, we must adapt our modes of worship and fellowship to the needs of this time of the pandemic, in order to avoid the risk of becoming sources of transmission rather than means of grace.”

Ein kunne ikkje dele ut nattverd som eit nådemiddel på same vis som før. Dei fleste i verda har brukt felles kalk, men heller ikkje intiksjon med dypping – slik det er vorte vanleg i Den norske kyrkja - kunne brukast lenger som ein sikker måte å feire nattverd på. Å faktisk følge dei tiltak som var nødvendig for samlingar og ritualer vart eit uttrykk for kyrkjias ansvar for helse og liv, for å vere ein del av «healing ministry». Det smertar, fordi det både handlar om noko som er svært viktig for menneske, men også noko som kan gje menneske kraft og styrke til å halde ut i krevjande tider når ein mister både relasjonar og håp om snarleg betring. Dette har skapt mange vanskelege diskusjonar i mange kyrkjer og samfunn. Men når ein ser kor galt det kan gå der dei ignorerer faren – slik som i ein del evangelikale kyrkjer i Brasil, er eg trygg på at det var og er heilt nødvendig å følge strenge smittevern-forskrifter. Vi må beskytte dei som deltek, og dei som har ansvar for gudstenester.

Men det er også ein del av kyrkjias arbeid for helse og rettferd å ta eit større samfunnsansvar, og ikkje be om mange særinntak for oss, men vise solidaritet med dei mange som må avstå frå svært mykje, både arbeid, inntekter, sosialt fellesskap og har andre svært store tapsopplevingar.

For det tredje var det også viktig for WHO's representantar at kyrkja ikkje berre må vere forsiktig, men at kyrkjene også proaktivt må gjere det ho kan innanfor dei rammene som var ansvarlege.

Eg har alt nemnt kyrkjias oppdrag i å tale dei sårbare, marginaliserte og ikkje-privilegerte si sak. Her har diakoniens praksis overfor dei som er ramma av isolasjon, som har blitt sjuke eller har mista nokon av sine kjære. Det gjeld i mange kyrkjer, ikkje berre mange utsatte og marginaliserte, men i mange kyrkjer i verda er biskopar og andre kyrkjeleiarar døde av covid-19. Her gjeld det å gjere det praktiske ein kan organisere gjennom sine nettverk. Kyrkjene i Kina var svært aktive i å organisere matdistribusjon då det sto på som verst der.

I samtalen med WHO vart det peikt på at i mange land har religiøse leiarar meir autoritet og når ut til mange fleire enn politiske leiarar, og kan bli lettare høyrte enn eventuelle budskap frå FN og slike aktørar. Det vart difor ei viktig oppgåve å bidra til sann og riktig informasjon, slik at det vart rettferd i kva menneske faktisk fekk vite om kva dette var, og kva som kunne og skulle gjerast for å møte faren. Rettferd handlar også om å få del i sanninga og kunne byggje på den, og å ikkje bli utsatt for desinformasjon, manipulasjon og konspirasjon. Eg merka meg i den første fasen det sterke og kyndige engasjementet for å få ut riktig informasjon frå t.d. generalsekretæren i Kirkens Nødhjelp, Dagfinn Høybråten.

Men det som også var svært viktig for WHO og andre å seie, var at dei anerkjente at kyrkjene i verda har ansvar for svært mykje av helsestell og dermed dei heilt konkrete diakonale oppgåver knytta til helse i ein slik situasjon. Og det er det jo mange også i Noreg er involvert i gjennom diakonale institusjonar. Det vart understreka kor viktig kapasitet var, men også kva haldningar og verdiar ein formidla, kva evne og vilje ein har til å yte rettferd i svært krevjande valgsituasjonar med mangelfult smittevernustyr (slik det også var tilfelle her til lands). Det gjaldt og å ta hand om menneske som heile menneske. Rettferd viser seg i om ein bidrar til å gi alle samme tilbud og samme kvalitet i behandlinga, uansett kva økonomiske ressursar eller helsesituasjon ein er i.

Mange kyrkjelege aktørar har både talt høgt og gjort det dei kan for å få fokus på distribusjon av vaksiner i verda. Det er ein av dei mest tydelege og dramatiske uttrykk for urettferd i verda at det

er så ulik tilgang på vaksiner. Kyrkjer spelar ei rolle i mange land i å distribuere og sette vaksiner. Det er grunn til å gje utvklingsminister Ulstein anerkjenning for sin innsats for å gjere noko med dette på dei måtar han har kunna.

På det møtet i Kirkenes Verdensråd som skulle vore mitt siste i mars i fjor, var planen å vedta eit nytt felles dokument om «Ecumenical Diakonia». I dette dokumentet – som eg håpar blir vedtatt om ikkje alt for lenge – vert det understreka at diakoniens oppgåver og språk er både trusbasert og basert på rettar og rettferd. Det eine kan ikkje utelukke det andre. Dette vonar eg vi kan få andre høve til å drøfte meir inngåande når dokumnetet vert vedtatt.

Eit par refleksjonar til slutt i dette oppspelet til dei viktig drøftingar de skal ha i løpet av denne dagen:

Det er noko å lære i alle kriser. Dyrkjøpte erfaringar skal ein ta svært godt vare på. I samtaler med leiinga i alle bispedømme våre, er det to lærdomar som eg har tenkt mykje på:

1. Det er svært viktig kva kyrkja gjer – i alt det vi har av oppgåver og arbeidsformer – at vi får formidla kor viktig den enkelte er. Vi har mange statistikkar frå det siste året om tal som går ned – kor mange gudstenester, trusopplæringstiltak, diakonale tiltak og mykje slikt som ikkje har blitt noko av. Det er tungt, og ein har også grunn til å spørre om trus- og livssynssamfunn er vorte behandla rettferdig i forhold til andre delar av samfunnslivet. Det verste eksemplet er at eg kunne vere blant mange på polet i påska, men eg fekk ikkje gå inn kyrkjedøra på Ås der eg bur. Det er mykje som vi har mista. Ein kan lure på om vi kjem godt i gang igjen når det normaliserer seg. Samstundes er det kome fram kor mykje det som har skjedd og det som har vorte gjort for å vise at ein går både ei og to og tre mil for at det skal bli tydeleg at ein vil yte noko, vil bety noko for dei som har mista sine og skal ha gravferd med få til stades, dei som skal ha dåp og ikkje kan samle så mange, men ha ei lita dåpsgudsteneste for seg sjølv, dei som har stått på, kyrkjetenarar, organistar, katektar, prestar og som hatt mange konfirmasjonsgudstenester for å vise dei unge at dei er viktige, dei som har hatt opne dører i kyrkja og berre vore til stades for dei som har kome inn, dei mange diakonale handlingar med kontakt og omsorg som ikkje finst i nokon statistikkar. Kvantitet/kvalitet er eit for enkelt begrepspar til å omtale dette. Men kanskje nettopp diakoniens måte å arbeide på: sjå – vurdere – handle – har fått nokre nye uttrykk i vår kyrkjelege praksis, og at dette kan bli ein del av «den nye normalen»?

2. Vi må sjå vår rolle som kyrkje som ein del av ein større heilskap, både når det gjeld å identifisere utfordringar til eit rettferdig samfunn og korleis vi kan møte dei. Alt det som er gjort for å verne dei sårbare i vårt samfunn, av helsepersonell, men også å akseptere store forsakingar for å verne andre, fortener anerkjenning. Kyrkja har også ei rolle i å anerkjenne andre, og andre bidrag ann dei vi sjølv kan yte. Men vi gjer det ikkje for å unnså at vi vil, og kan, bidra mykje. Med andre ord: Vi er litt audmjuke, men vi veit også litt meir om at det er sterke verdier som også pregar det norske samfunnet, og at dei treng våre bidrag for å bli haldne i hevd. Diakoni er å ta samfunnsansvar på alle plan. Det er mange som ser til Norden og Noreg for å finne inspirasjon til arbeid for demokrati, fred, forsoning, rett og rettferd. Kyrkja skal med glede bidra i å verne om og bruke desse verdiane – for å bygge eit samfunn som er godt å leve i for alle.